

# Bok på 1-2-3

## Fiskebolleboksraketten

Av Anna R. Folkestad

Tverrfagleg undervisningsopplegg for 1.–4. trinnet i norsk, kunst og handverk, naturfag (\*og mat og helse og musikk). Moment og tema frå verdigrunlaget i opplæringa og dei tverrfaglege temaa er vektlagde i ressursen.

**Tid: 120 minutt (pluss tilleggsoppgåvene)**

Nils og faren er snart ferdige med å bygge ein rakett av tomme fiskebolleboksar, sponsa av Franzen Fiskebollefabrikk. Nils og faren har ete fiskebollar til frukost, middag og kvelds så lenge Nils kan hugse, og no har dei endeleg fått nok boksar til å gjere ferdig raketten. Det var bestefaren til Nils som starta å bygge på raketten, men det tok lang tid utan at raketten vart ferdig. Faren til Nils overtok draumen om å gjere raketten ferdig og flyge rundt månen. Og no er det Nils sin draum også. Eller er det eigentleg det?

### Utstyr og førebuing

- Kople opp pc med tilgang til nett og prosjektor.
- Finn fram boka.
- Skriv ut rapport-malen.
- Finn fram utstyr til naturfag- og kunst og handverksoppgåva:
  - plastkoppar/plastbeger/hermetikkboksar
  - nylontråd, ulltråd og/eller bomullstråd
  - bindersar eller festenalet (1 til kvar kopp/boks)
  - nål eller teiknestift, ev. spikar og hammar

Til læraren: Les gjerne denne teksten som handlar om paratekst.  
<https://nynorsksenteret.no/blogg/smugkikk-og-smakebit>



### Formål

#### Norsk

- lese og lytte til forteljingar, eventyr, songtekstar, faktabøker og andre tekstar på bokmål og nynorsk og i omsetjing frå samiske og andre språk, og samtale om kva tekstane betyr for eleven.
- utforske og formidle tekstar gjennom samtale, skrivning, leik, bevegelse og andre kreative uttrykk.

#### Kunst og handverk

- gjennomføre kunst- og designprosessar ved å søkje inspirasjon, utforske moglegheiter, gjere val og lage eigne produkt.
- teikne form og djupn ved bruk av verkemiddel som overlapping og forminsking.

#### Mat og helse

- fortelje om kva som kjenneteiknar sunn og variert mat og kvifor det er viktig for helsa.
- lage enkle måltid og bidra til å skape ei triveleg ramme rundt måltid saman med andre.

# 1 Før lesing

(10 minutt)

## Samtale (om lag 10 minutt)

Sjå på framsida. Kva ser de? Lag ei liste på tavla/smarttavla.

- Kva trur de boka handlar om?
- Kven trur de personane på biletet er?
- Kven har skrive boka?

Studer innsida av omslaget.

- Kva ser de der? (Sjå særleg på det som er fremst i biletet: To boksar med tråd mellom).
- Veit de kva ein gjere med to boksar som vert bundne saman med ein tråd? (telefon, kommunikasjon).
- Kva har skjedd med akkurat denne boks-telefonen? (Sjå på tråden som skal binde boksane saman).



## Formål (framhald frå førre side)

### Naturfag

- utforske teknologiske system som er sette saman av ulike delar, og beskrive korleis delane fungerer og verkar saman.
- designe og lage eit produkt basert på ein kravspesifikasjon.
- bruke tabellar og figurar til å organisere data, lage forklaringar baserte på data og presentere funn.

Innsida av omslaget frå  
*Fiskebolleboksraketten*  
av Anna R. Folkestad

# 2 Lesing

(60 minutt)

Les boka høgt i klassen. Pass på at de les all teksten, også den som står på illustrasjonane. Studer bileta, særleg på side 25.

# 3 Etter lesing – del 1

(20 minutt)

## Samtale (om lag 5 minutt)

- Kva handla boka om?
- Kven var med i historia? (Nils, faren, Ragnhild Franzen, marsvinet Collins).
- Kva betyr «Follow your dream»?
- Kvar i kroppen kjenner Nils at det å fare til månen ikkje er draumen hans?
- Korleis var kommunikasjonen mellom faren og Nils? Mellom faren, Nils og Ragnhild Franzen?
- Sjå på siste innsida av omslaget. Kva har skjedd med tråden mellom boksane i bokstelefonen?
- Kvifor er det viktig å snakke saman og vere ærlege med kvarandre?

## Skrive- og teikneoppgåve (15–20 minutt)

Sjå på illustrasjonane på side 16–17.



Side 16 og 16 frå  
Fiskeballeboksraketten  
av Anna R. Folkestad

- 1 Bestefaren til Nils sa at han kunne lage kva som helst. Vel deg ut ein eller fleire av tinga på biletet, og skriv om han/dei. Skriv på nynorsk.
  - Korleis trur du tingen fungerte?
  - Var det praktisk eller upraktisk å bruke han? Kvifor / kvifor ikkje?
  - Trur du han blei fort øydelagd, eller trur du han varte lenge? Kvifor trur du det?
- 2 Tenk deg at du er bestefaren til Nils, og at du har sagt at du kan lage kva som helst. Lag ei teikning som viser kva du har laga, og skriv kva det er, og kva det skal brukast til.

# 3 Etter lesing – del 2

(30 minutt)

## Lag ein bokstelefon (kunst og handverk og naturfag)

### De treng:

- Plastkoppar/plastbeger/hermetikkboksar
- Nylontråd eller bomullstråd (om lag 2–4 meter)
- Bindersar / festenåler (1 til kvar kopp/boks)
- Nål eller teiknestift til å lage hol i botnen (Til hermetikkboks treng de spikar og hammar.)

### Slik gjer de:

- To og to elevar samarbeider om å lage ein bokstelefon.
- Lag hol i botnen på boksen. (Når de skal feste boksane saman med tråd, skal dei ligge botn mot botn).
- Træ tråden gjennom holet på den eine boksen, og fest ein binders eller ei festenål i enden slik at tråden held seg på plass.
- Træ den andre enden av tråden gjennom holet på den andre boksen og fest binders/festenål i den enden også.
- Ta kvar dykkar kopp og gå så langt frå kvarandre at tråden vert stram.
- Ein elev held koppen (med opninga) mot øyret, medan den andre eleven seier noko inn i koppen sin. Byt på å snakke og lytte.

### Test ut:

- Kva skjer dersom tråden ikkje er stram?
- Kva skjer dersom nokon held på tråden når de snakkar?

### Skriv ein rapport

For å dokumentere testen de har gjort, skal de skrive ein rapport. Rapporten skal innehalde forklaringar både med ord og med bilete. De kan bruke malen som ligg ved, dersom de ønsker det.

- Kva trong de?
- Kva gjorde de?
- Kva tråd brukte de?
- Kva skjedde dersom nokon heldt i tråden medan de snakka?
- Kva skjedde dersom tråden ikkje var stram?
- Kvifor trur de det skjedde?

Teikn illustrasjonar eller ta bilete som de kan bruke i rapporten. Om de vil, kan de også dokumentere testen ved å filme prosessen.

# Vi lagar bokstelefonar

RAPPORT

Kva trong de?	
Kva gjorde de?	
Kva tråd brukte de?	
Kva skjedde dersom nokon heldt i tråden medan de snakka?	
Kva skjedde dersom tråden ikkje var stram?	
Kvifor trur de det skjedde?	
Lag ei teikning som passar til eksperimentet.	

# 4 Tilleggsoppgåver

(kunst og handverk, norsk, mat og helse og musikk)

## Kunst og handverk: perspektiv og overlapping

- Snakk om omgrepa under:
  - forminsking
  - forstørring
  - overlapping
  - djupne
- Sjå på teikninga på framsida. Kven står fremst i biletet, og korleis kan vi sjå at den eine er lenger framme enn den andre?
- Sjå på side 34–35. Kva perspektiv ser vi dette biletet frå?
- Vel deg ein av dei to illustrasjonane og lag din versjon av han. (Hugs på omgrepa de snakka om).

## Norsk: samtale, skriving og leik

Nils og faren har ete fiskebollar til alle måltida så lenge Nils kan hugse. Kva gjer det med helse?

Snakk saman om punkta nedanfor:

- Å ete det same heile tida er ikkje bra for helse vår. Kvifor ikkje? (Vi får ikkje i oss alt kroppen treng av vitamin, protein, næring. Det er viktig å ete variert).
- Kva får kroppen vår når vi et? (vitamin, energi og næring)
- Kva er sunn mat?
- Kva er usunn mat?

## Skriveoppgåve 1

Finn fram skriveboka di, og skriv nokre setningar om punkta nedanfor.

- Favorittmaten din
- Mat du ikkje likar
- Favorittdrikke
- Nistematen din
- Godteri

Når du skriv, må du hugse:

- å skrive på nynorsk
- stor bokstav
- punktum
- rett høgd og form på bokstavane

Tips: Til slutt kan de lage ei oversikt over kva som er favorittmaten til elevane i klassen. Lag eit søylediagram.

# 4 Tilleggsoppgåver

## (framhald)

### Skriveoppgåve 2

- Skriv ned spørsmål som handlar om mat, og spesielt om sunn og usunn mat. Tips: Om elevane treng hjelp til å kome på spørsmål, kan læraren skrive nokre døme på tavla. (Kva liker du å ete? Kor ofte et du godteri? Kvifor er det lurt å pusse tennene etter at ein har ete godteri?)
- Hugs å bruke dei nynorske spørjeorda. (Kva, kvifor, kvar, korleis, kva for ein, kor).
- Vel eitt av alternativa under for å få svar på spørsmåla elevane har skrive.
  - Alternativ 1: Del elevane inn i par, og be dei stille spørsmåla sine til kvarandre. Elevane skal notere ned svara dei får.
  - Alternativ 2: Ta vare på spørsmåla, og bruk dei som utgangspunkt i «nyheitssendinga» i oppgåva under.

### Leik og filming

Lag ei nyheitssending med ein reportasje om sunn og usunn mat.

Obs! Denne oppgåva krev at det vert sett av nok tid.

I denne aktiviteten får elevane god trening i å samarbeide med kvarandre, og dei får øving i å vente på tur.

- Lag klasserommet om til eit nyheitsstudio. Om de har tid, kan de lage ei ramme som kan stå framfor nyheitsopplesaren og slik fungere som tv-skjerm.
- Fordel rollene på elevane i klassen. (Snakk litt om kva dei ulike rollene inneber).
  - nyheitsopplesar
  - journalist
  - kameramann
  - intervjuobjekt («Fem på gata»)
  - kostymeansvarlege
  - produsent, ev. andre?
  - meteorolog

Utstyr:

- mikrofon (t.d. ein hårbørste, ein lang trekloss, ein blyant eller liknande)
- iPad til å filme
- stol og pult til nyheitsopplesaren
- enkle kostyme (solbriller, briller, skjerf, hatt eller liknande).
- kart over Noreg

## 4 Tilleggsoppgåver (framhald)

Spørsmåla frå oppgåva ovanfor kan brukast i denne oppgåva. I tillegg må elevane lage nokre nyheiter som skal presenterast i sendinga. Elevane kan gjerne samarbeide om å dikte opp nyheiter som skal presenterast. Nyheitene skal skrivast på nynorsk. Elevane kan også lage vêrsymbol som kan brukast i vêrmeldinga heilt på slutten av nyheitssendinga. Dei elevane som er ansvarlege for kostyme, må lage ei liste over kva dei treng.

Forslag til gjennomføring:

- Kameramennene gjer seg klare til å filme. Eit tips kan vere å filme frå ulike vinklar og etterpå sette det saman til eitt opptak. (Då kan fleire få rolla som kameramann).
- Nyheitsopplesaren sit i studio og presenterer nyheitene som klassen har laga. Så set han/ho over til journalisten som er ute på gata og skal snakke med folk om sunn og usunn mat.
- Dei som skal verte intervjua, går rundt på «gata» og er på veg til ulike stader når journalisten stoppar dei for å snakke med dei.
- Eleven som er journalist, stiller spørsmåla til intervjuobjekta etter kvart som dei kjem gåande.
- Produsenten må passe på å gje teikn til journalisten og nyheitsopplesaren kva for kamera dei skal sjå i til ei kvar tid.
- Journalisten «set tilbake til studio» att, og nyheitsopplesaren set over til meteorologen som skal vise vêrmeldinga.

### Mat og helse: Lag eit måltid og et i lag

De kan til dømes lage grønsaksuppe der alle kan vere med på å kutte grønsaker, eller de kan lage fiskebollar med tilbehøyr.

### Musikk: Syng og lytt

Under finn de songar som kan passe å synge og/eller lytte til medan de arbeider med boka.

- Fiskebolla i sjokoladesaus (Spotify)
- Dei tre små fisk: [www.tunkatten.no/songbok/dyr-og-fuglar/](http://www.tunkatten.no/songbok/dyr-og-fuglar/)
- Kleng Kutling (Spotify)